

Til  
Alver kommune,  
Landbrukskontoret v/Laila Bjørge

### **VEDR.: SYN FARING OG GODKJENNING AV LANDBRUKSVEG PÅ 99/4.**

Vi har i går registrert på nettet at Eikevik spesialbestiller landbr.kontoret til ei godkjenning, med uttalt hensikt å kunne imøtegå kverrulerande naboar på 99/1.

Vi konstaterer og at Eikevik kallar det å kreve oppfylning av loven, slik vi gjer, for kverrulering. Harselleringa vert gjort av nokon som notorisk gjennom snart 10 år, i mangel på respekt, **stel** frå oss (vekselvis jord/stein/trær – alt kan bevisast) og notorisk lyg om oss (kan og bevisast, t.d. i brev til APM) – og i tillegg har prøvd å bedra oss for store beløp. I Tingretten prøvd med løgn å bedra oss gjennom å presentere rekning på fleire hundre tusen, inkl. moms. Eikevik vart i retten avkledd i sitt forsøk, som også innebar forsøk på å svindle med moms. Den totale mangelen på respekt for oss nådde ein topp mandag 19.juni, då vi heilt plutselig vart overfalne bakfrå og begge direkte **slått** og trua av Eikevik. Dette skjedde heilt utan foranledning «ut av det blå» på veg frå bilen og ned til trappa vår, etter henting på jobb. (Sjølvsagt politianmeldt, men diverre ikkje eineståande. Måtte politianmelde liknande episode mot Elin i 2018). Som om ikkje dette var nok, kom det for ei veke sidan ei tydeleg oppkonstruert politimelding mot oss med falske anklager om div. skadeverk vi skulle ha utført inne på 99/4, inkludert tagging. Vi ser dette i klar samanheng med forsøket på å svekke vår truverdighet. (Vi er elles ganske sikre på at 99/4 har kamera på området, så det er all grunn til å tru at om noko skadeverk er gjort så ville 99/4 ha dette på tape).

### **LANDBRUKSVEGEN**

Det er viktig å opplyse at 99/4 enno ikkje har oppfylt det dei i 2022 vart pålagt i Jordskifteretten/Tingretten, der 99/4 er pålagt å bygge 2 traktor-avkjørsler til 99/1, sitat: «*Eigar av gnr.99 bnr.4 skal etablere avkjørsel for traktor til terrenget både i retning nord og sør, der vegen har øydelagt tidlegare terrengtilkomst. Dette gjeld oppå fjellkammen*». Landbruksvegen kan ikkje godkjennast før dette er gjort, det er tiltakshavar si plikt å opplyse kommunen om dette. Vi har minna Eikevik skriftleg på at kravet frå retten ikkje er oppfylt, utan å få svar.

### **Vi viser til Lovdata: «Forskrift om planlegging/godkjenning av landbruksveg» når det gjeld dette:**

Ein landbruksveg *skal* vere i tråd med søknad eller omsøkte/godkjende avvik.

Våre merknader ligg i at vegen på 99/4 avvik **vesentleg** frå søknaden, i form av formidable, vesentlege terrenginngrep. *Skulle* vore ein ny søknad, avvika her er **altfor** omfattande til at landbruksavd. *kunne* gje godkjenning «over bordet».

Iflg. loven skal avvik frå vegsøknad både registrerast og loggførast.

Spørsmål frå oss: *Vart* det avsett geo-data for dei VESENTLEGE trase-avvika i forkant av tiltaka, slik lova krev? 1: Traseen nord i tunet, like framom vårt hus?

2: Traseen lagt i omveg over myra, **frå** ikkje-myr til djupaste delen av myr?

Desse data ønskjer me å få sjå, då dei er vesentlege for å kunne ettergå sakshandsaminga.

### **Påverknad på naturmangfald**

Har kommunen vurdert denne vegen sin påverknad på naturmangfaldet i myr og vassdrag, som lova krev? Vi ønskjer for saka sin del å sjå kommunen sin dokumentasjon på dette.

### **Miljøkonsekvensar**

Har landbrukskontoret vurdert dei store miljø-konsekvensane for myra, som følgje av utskyting og nedtapping hausten 2022?

Har landbrukskontoret vurdert dei store miljøkonsekvensane for bekken til Fjellangervågen, som følgje av Eikevik sitt tiltak med skyting + nedtapping av den djupaste delen av myra, der veggen no ligg? Elva hadde før årssikker vassføring, difor definert som vassdrag etter loven. No ligg det eit drenerings-rør under den etablerte kabel-gata på botnen av *heile* myra og ut. Det er klart at dette har stor påverknad m.o.t. oksygentilføring og rask nedbryting av torvmassen.

### **Er GEO-måling av kabelgater gjort?**

Vart dei nedlagde kabel-gatene i veggen over myra geo-målte og registrert?

### **Alle søknader med endringar og godkjenningar skal dokumenterast og liggje ved saka**

Vi må kreve at kommunen legg fram alle søknader med endringar og godkjenningar som er blitt gjort på 99/4 sin landbruksveg. Ei godkjenning «over bordet» etter ei spesialbestelt synfaring der ingen ting vert målt eller dokumentert, kan under *ingen* omstende godtakast, det seier seg sjølv.

### **EIKEVIK SIN SYSTEMATISKE INNSATS FOR Å PRØVE Å SVEKKE VÅR TRUVERDIGHEIT**

Eikevik har lagt ned stor innsats i harsellering og sjikane mot oss sidan starten, for å prøve å svekke vår truverdighet. Han har lagt ut brev med sjikane og usannheiter om oss i saka, delvis ved hjelp av Fanagro eller Link. Og i form av typen brev som det siste til landbrukskontoret. Då vi tilfeldig våren 2021 fann 99/4 sin rammesøknad med rådmannen si positive innstilling, inneheld søknaden vi fann på nettet – men som vi aldri hadde fått til uttale - ei heil A4- side med grove usannheiter og sjikane om oss «Naboer på 99/1», og direkte oppmoding til kommunen om å ikkje ta hensyn til ev. kommentarar vi måtte kome med. Dette har jo tydeleg virka, først fekk vi aldri søknaden til uttale og seinare har breva våre systematisk aldri vorte besvart av kommunen. Og no spesial-besteller Eikevik landbrukskontoret si hjelp til å kunne imøtegå oss.

### **VEDTAKA OM TILBAKEFØRING AV ULOVLEGE TERRENGENDRINGAR SKAL OPPFYLLAST**

Det har pågått tung ulovleg anleggsverksemd i dette LNF-området i snart 10 år, med grove, omfattande terrengendringar. Både APM, Alver kommune v/adm. + Statsforvaltaren i Vestland har gjort vedtak om tilbakeføring, og korleis denne skal både skje og kontrollerast. Invitasjonen frå Eikevik til landbruksavd. v/Laila ber visse signal om at Eikevik no tenkjer å prøve å få landbruk si hjelp til ein «quick fix» av tilbakeføringa, utan at vedtaka sin bokstav treng følgjast. Vår frykt for dette er ein stor del av bakgrunnen for at vi no skriv dette brevet vårt til landbruk v/Laila. Vi ser jo at Eikevik motarbeider tilbakeføring kvar dag ved heving med stein. Vi *må* ha lov til å kreve at lov skal følgjast, og at vedtak vert oppfylt, heilt fram til at dette verkeleg skjer. Dette er vår soleklare rett - og *ikkje* kverrulering.

### **TILBAKEFØRING OG GEO-MÅLING MÅ SKJE FØR IGANGSETJINGSLØYVE, SLIK VEDTAKA SEIER**

Vi krev ei tilbakeføring som stettar krava i dei foreliggjande vedtaka. Vi forventar ei habil, objektiv geo-måling i tråd med krava frå både kommunen og Statsforvaltaren.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

